



Vinje kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siri Tveitan, 33371086

Rår ifrå - dispensasjon - Vinje 99/32 - Haukeliseter fjellstue - riving og nybygg

Vi viser til oversending av revidert søknad til uttale frå Vinje kommune datert 27.10.2025. Statsforvaltaren har tidlegare uttalt seg i saka.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av nybygg på Haukeliseter Fjellstue i Vinje kommune. Det søkast óg om riving og gjenoppføring av eit mindre bygg på tunet. Haukeliseter Fjellstue ligg innanfor Setesdal Ryfylke villreinområde, på grensa til Hardangervidda villreinområde. Området er omfatta av *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen). Etter Heiplanen ligg området i omsynssone nasjonalt villreinområde, og tiltaket ligg også delvis innanfor omsynssone trekkområde.

Opphavleg søknad gjaldt riving av eit sommarfjøs/løe på 225 m² og oppføring av to nybygg på til saman 457 m². Det vart også søkt om å rehabilitera "600-bygget" på området. Statsforvaltaren ved miljøavdelinga rådde ifrå at kommunen innvilga dispensasjon for tiltaka, og varsla at me ville klaga på eit eventuelt positivt vedtak. Tiltakshavar og kommunen har i lang stund vore i dialog med miljøavdelinga vedrørende revidert byggjesøknad.

Det føreligg nå sendt ein ny søknad om dispensasjon. Nybygget er i revidert søknad på 272 m² og skal innehalde sengeplassar, kjøkken, dusjar og toalett til dei tilsette ved Haukeliseter Fjellstue.. Kommunen har allereie gitt løyve til å rive sommarfjøs/løet som ligg ca. 400 meter frå hovudbygget. Løa blir ikkje gjenoppført. Trekt ifrå løa som skal rivast, gir dette ein auke i samla bygningsmasse på 47 m².

Miljøavdelinga si rolle

Fagavdelingane til Statsforvaltaren skal i medhald av plan- og bygningslova § 19-1 sjå til at dispensasjonar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, interessene til barn og unge, og gravplassar. Omsynet til viktige funksjonsområde for villrein er eit av ansvarsområda til Statsforvaltaren si miljøavdeling.



For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga til Statsforvaltaren som behandlar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Miljøavdelinga sine vurderingar

Nasjonale interesser og rettsleg grunnlag

I Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, er konflikt med viktige funksjonsområde for villrein trekt fram som ei nasjonal interesse som kan gi grunnlag for motsegn. Vi legg til grunn at det òg gjeld i dispensasjonssaker og ved klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. § 1-9 tredje ledd.

Tiltaket ligg innanfor *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen), som skal leggest til grunn ved kommunanes behandling av plan- og byggjesaker i området, jf. punkt 2.10 *Felles retningslinjer for alle hensynssonene*. Ved handsaming av søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19, skal kommunen legge vekt på å følgje opp retningslinjene i den regionale planen. I Heiplanen er området vist som nasjonalt villreinområde, og det er gitt retningslinjer for denne sona, jf. punkt 2.10.1 *Retningslinjer for Nasjonalt villreinområde*. Om turisthytter heiter det:

Etablerte turisthytter og driftsbygninger kan moderniseres og forsiktig utvides når dette er nødvendig for videre drift. Nærmere rammer for dette må avklares gjennom kommuneplanleggingen. For enkelte turisthytter kan det være aktuelt å vurdere plassering opp mot oppdatert kunnskap om villrein.

Tiltaket ligg også delvis innanfor omsynssone trekkområde i Heiplanen, jf. retningslinjene i punkt 2.10.3 i planen. I retningslinjene står det at:

Her skal det tas hensyn til at områdene har særlig betydning som trekkområder for villrein. Dette innebærer at det er sporadisk og/ eller sesongvis bruk av områdene. Her må all aktivitet og byggevirkosomhet godkjennes via plan, og det må tas særlige hensyn, både ang. evt. plassering og drift, med basis i oppdatert kunnskap.

I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* heiter det i regjeringa si forventning nr. 58 at «villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villreinfjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen». I ny stortingsmelding Meld. St. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein* legg regjeringa opp til «ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda», og seier det er «nødvendig med ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet». Det er eit mål i stortingsmeldinga å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og på lengre sikt å nå kvalitetsmåla i kvalitetsnorma.

I § 19-2 andre ledd heiter det at dispensasjon ikkje kan givast dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert ifrå, omsyna i formålsføresegna i lova eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg tilsidesett. Fordelene ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempene. Det er i utgangspunktet fordelar og ulemper for dei allmenne interessene som skal avvegast. Sosialmedisinske, personlege og menneskelege omsyn har normalt ikkje avgjerande vekt i dispensasjonssaker.



Konkret vurdering av tiltaket

Det er søkt om oppgradering og utviding av Haukeliseter Fjellstue, som er ei populær og sentral turisthytte langs E134. Turisthytta ligg sør for Hardangervidda nasjonalpark, innanfor det nasjonale villreinområdet Setesdal Ryfylke med omsynssone trekkområde. Hytta er tilgjengeleg for allmenta og brukast aktivt heile året.

Miljøavdelinga vurderer at all utviding av bygningsmasse i nasjonale villreinområde vil kunne leggje til rette for auka menneskeleg aktivitet og ferdsel i området, noko som kan påverke villreinen negativt. I retningslinjene for trekkområda heiter det at «all aktivitet og byggevirkosomhet må godkjennes via plan». Retningslinjene understrekar at det skal takast særlege omsyn i trekkområda, med basis i oppdatert kunnskap. Oppdatert kunnskap frå kvalitetsnorma tilseier at det ikkje er rom for større utvidingar i dette området. Retningslinjene i Heiplanen, som skal vareta villreinomsynet, oppnar likevel for ei forsiktig utviding av etablerte turisthytta.

Vi har i tidlegare uttale vurdert at utvidingane som vart søkt om blant anna ikkje var i tråd med retningslinjene i Heiplanen, da vi ikkje betrakta dei som forsiktige. Sjølv om det er negativt at bygg til fritids- og turistformål aukar noko på tomta, ser vi positivt på at busetnaden på tunet samlast. I dialog med tiltakshavar har vi vore tydelege på at samling av busetnaden på tunet kan tilseie noko auke i storleik på bygningsmassen. Forslaget er no betrakteleg redusert i BYA, frå ein samla auke på 232 m² til ein samla auke på 47 m², noko som kan betraktast som ei forsiktig utviding. Vi tilrår likevel at ein finn løysingar som i større grad er i tråd med nasjonale føringar, da all utbygging i området kan påverke villreinen negativt.

Konklusjon

Miljøavdelinga har gjort ei samla vurdering av saka, og rår framleis ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon til tiltaket slik det er søkt om. Det er vår vurdering at tiltaket framleis kjem i konflikt med villreinomsynet i området, men ikkje i så vesentleg grad at vi vil vurdere påklaging av eit eventuelt positivt vedtak.

Vi minner om at kommunen må gjennomføre ei sjølvstendig og grundig vilkårsvurdering ved handsaming av dispensasjonssøknaden, jf. pbl. § 19-2, samt vurdering av naturmangfaldslova sine forvaltningsprinsipp, jf. nml. §§ 8 til 12. Ved eit ev. positivt vedtak bør kommunen sette vilkår om at det skal takast særleg omsyn til villreinens leveområde før, under og etter anleggsfasen, spesielt med omsyn til kalvingstida frå midten av april til midten av juni.

Vi ber om å få tilsendt kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør - miljøavdelinga

Siri Tveitan
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Telemark fylkeskommune

Postboks 2844 3702 SKIEN